



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600

REFERAT frå Vikøy sokneråd 20.05.2025 kl.19.00

Frammøtte: Magne, Erling, Solfrid, Helene, Brynhild, Astrid, Tove og Gudrun

Opning v/Solfrid: *Johs 4*

Kaffi, frukt og lefser: *Magne*

27/25 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Innkalling og referat vart godkjende.

28/25 Evalueringar og orienteringar

Evalueringar:

- **Gospelkveld:** Det var ein fin og fellesskapsbyggjande kveld med bra frammøte. SR ynskjer fleire slike kveldar, men det må førebuast meir. Me sakna band til songane.
- **Fasteaksjonen:** Pga mange konfirmantar dette året vart det litt styr rundt organiseringa (kven skulle gå med kven). Neste år må gruppene setjast opp saman med kateketen. Det kom eit framlegg om å kutta ut bøssene og berre gå rundt på dørene og dela ut lappar med vippsnr. Det kom inn ca.60.000 kr til fasteaksjonen.
- **Konfirmantfest:** Vellukka arrangement. God stemning og godt frammøte. Det var 3 konfirmantar som ikkje kom pga sjukdom el.a., så det var 9/10 ledige stolar. Det var meir enn nok mat (me bestilte til 130 personar sjølv om det var venta 150 pers). På invitasjonane er det lurt å skriva klokkeslett frå – til slik at alle veit kor lenge festen varer.
- **Dugnad i kyrkjeparken i Norheimsund:** 9 personar møtte. Det var kjekt med pølser og is. Me fekk gjort ein god del arbeid. Når det gjeld annonsering, er det greitt å ha dette på fb, kyrkja si nettside, i kunngjeringar og på plakatar. Då sparer ein mykje ved å ikkje måtta ha annonsar i HF.
- **Konfirmasjonsgudstjenestene:** Det var tre flotte gudstenester 10. og 11.mai. Vakker musikk, god tale av Vetle og fin helsing ved Julie, kjekt at konfirmantane sat i ein ring framme og rørande når dei danna portal utanfor som heile kyrkjelyden gjekk gjennom.

For dei som sat bak i kyrkjelydssalen, var det litt vanskeleg å sjå kva som stod på skjermen. Då er det ein idè å ha større skrift på skjermen eller å dela ut salmebøker.

Orienteringar:

- **Saker som blir utsett til neste sokneråd:** Møte med kantorane, frivillighet og «Kirka vår»
- **Dugnad i Vikøy 27.mai kl.17.30:** Kunngjeringar på plakatar, fb og flygeblad (på sist gudsteneste). Magne/Astrid tek med kaffi/te + kaffimat.
- **Kristi himmelfartsdag 29.mai:** Gudsteneste i Vikøy kyrkje. Det vert ikkje kyrkjekaffi.
- **Folketonemesse 15. juni i Vikøy kl.12.00.** Det blir høve til å ro frå Fartøyvern-senteret kl. 11.00. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi i prestegarden.
- **Temakveld med Geir Gundersen** vert torsdag 11.september.
- **Messy-church:** Søndagsskulen har ein felles temakveld om Messy-church for staben og alle sokneråda i Kvam. Forslag til dato 30.september. Dette møtet vert utsett til oppstart med nye trusopplærarar i 2026.
- **Orientering** frå Tove og Brynhild om arbeidet med **ikon til Norheimsund kyrkje:**
Dei har snakka med Solrun Nes, og ho er svært engasjert i saka. Ho vil laga enkle skisser og koma og visa oss kvar desse kan hengja på høgre veggen for altartavla (med globen under) Det er snakk om to ikon: Eitt med Maria og barnet og eitt med Kristus. SR ynskjer å få eit ca prisoverslag over ikona. Dersom det vert aktuelt med kjøp, må me fyrst senda søknad til biskopen. Komitéen avtalar med SN at ho kjem ein tysdag kl.18 (snarast) der me i SR kan vera med å vurdera ikona.

29/25 Årsmelding og rapportering. Soknerådet ynskjer eit tettare samarbeid med staben i arbeidet med årsmeldinga. Det er ynskjeleg at staben tek ansvar for å skriva rapport frå dei ulike ansvarsområda, og så syr soknerådsleiar årsmeldinga saman.

Vedtak: Vikøy sokneråd ynskjer ein enkel rapport for dei ulike ansvarsområda diakoni, kyrkjemusikk, undervisning og gudstenestearbeid. Malen skal utarbeidast av kyrkjevergen i samarbeid med soknerådsleiarane. Rapporten skal vera levert innan 20.februar kvart år.

30/25 Seniortiltak. Søknad om støtte til Grannehjelpa sitt seniortiltak som er ein sommarfest for eldre på institusjonar i Kvam.

Vedtak: SR støttar med 2000 kr og vil i same høvet oppfordra Grannehjelpa å søkja Elsa og Svein Iversens legat.

31/25 Elsa og Svein Iversens legat

Vedtak: Soknerådet ynskjer å søkja om støtte til Kyrkjeklubben og Føremiddagstreff frå Elsa og Svein Iversens legat. Astrid og Roar skriv søknaden.

32/25 Innsamling til LED-lys.

Vedtak: Me satsar på ein skikkeleg konsert med kakesal etterpå, og evt. jazzcafè.

Dato: Fredag 14.november. Astrid sjekkar om det skjer noko i kyrkja den kvelden, og Magne sjekkar om det skjer noko viktig elles i Kvam. Det kan vera utlodning til inntekt for LED-lysa på eit føremiddagstreff.

33/25 Venefest 31.oktober.

Vedtak: SR vert komitéen, og me kan ha komitémøte etter ikon-møtet. Det kom forslag på folk som kan spørjast til å innleia Venefesten. Solfrid og Astrid undersøkjer nærmere.

34/25 Datoar for soknerådsmøte hausten 2025:

26.august (18.aug AU)

7.okt (29.sept AU)

4.nov (20.okt AU)

2.des (24.nov AU)

Vedtak: Datoane er ok.

34/25 Eventuelt

Ingen saker meldt.

Neste ordinære soknerådsmøte vert 26.august kl.19.00, men ein tysdag no før sommaren vert det møte med Solrun Nes om ikona – med påfylgjande Venefestkomitémøte i kyrkja.

Gudrun Skeie Langeland, skriver